



Arkivnr: 2017/2247-1

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Låneopptak 2017 - I**

### **Samandrag**

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2017 vert det teke opp eit 7-års obligasjonslån på 440 mill. kr. Renta er fast, 2,335 % i 7 år.

### **Vedtak**

Det vert teke opp eit 7-års obligasjonslån på 440 mill. kr, tilrettelagt av DNB Markets / SEB. Renta er fast i heile perioden, nominelt 2,335 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.03.2017**

Det er i 2017 budsjettert med bruk av 1 246,3 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Det er sannsynleg at det vil bli gjort budsjettendringar gjennom året, slik at denne summen kan endre seg noko.

Ein tek sikte på å ta opp om lag 3 lån gjennom året, og startar no med eit lån på 440 mill. kr.

I følgje finansreglementet skal fylkeskommunen ha fast rente på mellom 40 % og 60 % av låneporteføljen. Ved årsskiftet hadde 48,8 % av låneporteføljen fast rente (med gjenverande bindingstid over 1 år). Andelen lån med fast rente vil gå ned i løpet av året, etter som bindingar går ut.

Rentenivået på lange renter har vist fallande tendens gjennom fleire år. Det kan sjå ut til at denne trenden no har snudd, og at rentenivået kan kome til å stige framover. Men rentene er framleis på eit lågt nivå historisk sett. Fylkesrådmannen vil difor ta opp eit lån med fast rente denne gongen.

Dei lengste rentebindingane ein har i dag går fram til 2022. Gjennomsnittleg rentebindingstid er 1,8 år. Det kan no vere ønskjeleg å ta opp eit lån med rentebinding lenger enn til 2022. Ein vil be om tilbod på lån med fast rente i 7 år. Ein ber også om tilbod på 5 år, til samanlikning.

Bergen Capital Management har i dag gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod:

	5 år	7 år
DNB Markets / SEB	2,038 %	2,335 %
Danske Bank Markets	2,080 %	2,380 %
Kommunalbanken	2,083 %	2,438 %
KLP Kommunekreditt	2,180 %	2,450 %
Nordea Markets	2,130 %	

DNB Markets / SEB gav lågast bod både på 5 år og 7 år. Skilnaden mellom 5 år og 7 år er 0,297 %. Som nemnt ovanfor, kan det no vere ønskjeleg å ta opp eit lån med fast rente ut over 5 år.

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets / SEB på lån i 7 år til 2,335 % rente.